



# Dalen i sentrum

## Organ for eit balansert dalføre nr 11, 2007

**Takk til skulen** for flott juleavslutning. Som vanleg fullsett sal og høgt nivå over prestasjonane. Ein far mellom publikum sa det slik:

- Hakkebakkeskogen er det næraste ein kjem rekruttering til hjortejegerar her i dalen. Og det trengst, for i dag er det ingen under 40 år som driv jakt.

**Nattiné laurdag.** Laurdagskvelden klokka 22.00 er Sykkylven kyrkje staden for dei som er på leit etter julestemninga. Når Velledalskoret byd inn til julenattiné veit vi av erfaring at det vert ein stemningsfull kveld. Så får du heller øve litt i jula og melde deg som bass i koret på nyåret. Dei treng nemleg slike. Kontakt eksempelvis Irene Hovet eller Hanne Ulset.

**Svak desemberstart.** Frå Jokerbutikken vert det meldt om sviktande handel i fyrste del av desember. Men siste dagane har det vore oppgang. Svein Ole Sørensen har fylgjande melding : - Vi kjem til å passere fjorårsomsetningen (4314 000) på laurdag. I beste fall hamnar vi 100 000 over fjoråret i omsetning. Dalen i Sentrum har fylgjande melding: Gode velledaling, i romjula handlar vi lokalt !

**Juleblomane** kjøper vi hjå Holmbergs gartneri. Merk deg desse opningstidene:

Laurdag 22.desember: 09.30-18.00

Sundag 23. desember: STENGT

Mandag 24. desember: 09.30-12.00 **HOLMBERG – KVALITET GJENNOM 50 ÅR**

**Sardinane** på Joker minner mistenkjeleg på lokal vare. Truleg laksyngel fiska i Hjortdalselv. Har du sett det...? Sardinar får du innanfor desse opningstidene:

Fredag 21. desember 10.00-20.00

Laurdag 22.desember: 10.00-19.00

Sundag 23. desember: STENGT

Måndag 24. desember 10.00-12.00

ROMJULA: 10.00-14.00

**JOKER HE D MESTE !**

**Vareteljning** nærmar seg for styret I ViB. Vi skal telje varer i butikken og ungar fødde i dalen siste året. Etter eit "goår" i 2006, har det vore nær total tørke i 2007. Ein treng ikkje fælt mange fingrar for å telje 2007-borna. Oppmodinga vår for romjula er klar: Har du ikkje henta ut heile potensialet, så brenn for all del ikkje inne med det.

**Romjuls marsj** er fast tradisjon for mange andre juledag. Heilt sidan 1979 har dette vore eit årvisst arrangement. Basen er Velledalen grendahus der ein kan registrere seg mellom 11.00-13.00. Ein kan òg gå frå Straumgjerde. Trimgruppa syter for at alle kan få i seg næring før og etter turen. I 1979 deltok 147 personar. Rekorden lyder på 223 personar frå 1992. Slettar vi den.....?

**Julefabrikken** på Brunstad held ope både laurdag (22.) og skitnesundag (23.) Har tidsklemma teke deg kan du handle her – gunstige prisar.

**Oppdatering:** Hald deg oppdatert om livet i dalen på [www.velledalen.net](http://www.velledalen.net).

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.